



## Forskrift for vass- og avløpsavgifter og spesielle gebyr gjeldande fra 1. januar 2021 - høyningsdokument

### 1. Avgiftsplikt

#### 1.1 Plikta til å betale vatn- og/eller avløpsavgifter gjeld:

Eigedom som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom privat sam-leidning.

Eigedom som eigar av kommunalt vassverk i medhald av *plan og bygningsloven §§65, 66 og 92* har kravd knytt saman med kommunal vass- og avløpsleidning.

#### 1.2 Eigar står ansvarleg for avgifta

For eigedom som er tinglyst bortfesta, blir festar belasta for avgifta.

### 2. Avgiftsformer

Avgifta omfattar

- tilknytingsavgift for vatn
- tilknytingsavgift for avløp
- årsavgift for vatn
- årsavgift for avløp

### 3. Definisjonar

Avløp omfattar alt avløpsvatn – spillvatn, tak-, drens- og overvatn frå busetnad og terreng.

### 4. Avgiftssatsar

Avgiftssatsane blir fastsett av kommunestyret og er gjeldande frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer.

### 5. Sikkerheit for avgiftene

Krav på årsavgifter har same pantsikkerheit som skatt på fast eigedom og kan inndrivast på same måte.



## SURNADAL KOMMUNE

Ved for sein innbetaling av årsavgifta blir renter rekna etter dei satsane som er fastsett for eigedomsskatt.

### 6. Grunnlag for reduksjon i avgiftene

- 6.1 Kortare avbrott i vassforsyning og avløpsmottak gir ikkje grunnlag for reduksjon av avgiftene.
- 6.2 Avbrott av lengre varigheit gir ikkje grunnlag for reduksjon i avgiftene der vassverkseigar tilbyr utlevert drikkevatn i ein periode som ikkje overgår 14 dagar.
- 6.3 Varar avbrottet 15 dagar eller lengre, blir avgifta frå dag 1 redusert prosentvis tilsvarande lengda for avbrottet. Dette gjeld ikkje abonnentar med private vassleidningar eller som er utan frostsikra leidningsnett, der frost i leidningsnettet er årsaka til mangefull leveranse av drikkevatn.
- 6.4 Det blir teke atterhald om reduksjon i avgiftene der naturhendingar som nedbør, flom, frost, jordskred og liknande er årsaka til bortfall av leveranse eller kvalitet.
- 6.5 Dersom vasskvaliteten avvik vesentleg frå det normale medfører det ikkje reduksjon i avgiftene.

### 7. Tilknytingsavgifter

- 7.1 Tilknytingsavgiftene blir betalt ved tilknyting til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg. Avgiftene er ei eingongsavgift. Avgiftene blir fastsett av kommunestyret og er gjeldande frå det tidspunkt kommunestyret bestemmer. «Gebyrregulativ for vatn og avløp» angir til ei kvar tid gjeldande satsar.
- 7.2 Graving og tilkopling inntil 50 meter blir kosta av abonnenten.
- 7.3 Tilknyting til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg krev godkjent søknad om tilkoppling. Søknadsskjema «Søknad om sanitærarbeid» skal vere godkjent før tilkoppling til kommunalt vass- og avløpsnett kan gjennomførast. Blir tilkopplinga utført utan godkjent søknadsskjema blir abonnenten belasta eit straffegebyr. Straffegebyret blir fastsett av kommunestyret og er gjeldande frå det tidspunkt kommunestyret bestemmer.
- 7.4 Abonnentar med eksisterande bygg blir belasta med tilkoplingsavgift så snart eigedommen er tilkopla offentleg vass- og/eller avløpsanlegg jamfør



## SURNADAL KOMMUNE

«Sluttrapport av utvendig rørleggerarbeid» som ansvarleg røyrleggar-/entreprenørfirma skal sende inn.

- 7.5 Abonnentar med nye bygg blir belasta med tilkoplingsavgift frå datoен bygget får midlertidig bruksløyve eller ordinært bruksløyve, når eideommen er tilkopla offentleg vass- og/eller avløpsnett. Det er ein førestnad at ansvarleg røyrleggar-/entreprenørfirma har søkt og fått godkjent søknad «Søknad om sanitærarbeid» og «Sluttrapport av utvendig rørleggerarbeid».
- 7.6 Har ikkje vassverkseiar motteke «Sluttrapport av utvendig røyrleggararbeid» frå ansvarleg røyrleggar-/ entreprenørfirma innan ein månad etter tilknytinga, blir abonnementen belasta frå søknadsdatoen angitt i søknadsskjema «Søknad om sanitærarbeid».
- 7.7 Har ikkje vassverkseiar motteke «Søknad om sanitærarbeid» og/eller «Sluttrapport av utvendig røyrleggararbeid» frå ansvarleg røyrleggar-/ entreprenørfirma innan ein månad etter tilknytinga blir abonnementen belasta frå datoén byggesøknaden vart godkjent.
- 7.8 Betalte tilknytingsavgifter blir ikkje tilbakebetalt ved stenging, fjerning, osb. av tilknytinga.
- 7.9 Blir ein eller fleire nye frittståande bueiningar oppført på ein eideom med eit eksisterande bygg, vil dei nye bueiningane bli belasta med tilknytingsavgift for kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg enkeltvis, uavhengig av eksisterande bygg.
- 7.10 Ved bygg som består av to eller fleire bueiningar, vil kvar enkelt bueining bli belasta tilknytingsavgift til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg. Unntak gjeld bygg som består av to bueiningar, der minst ei blir brukta som hybelleilegheit eller tilsvarande.

### 8. Grunnlag for årsavgifter

Årsavgiftene består av ei fast abonnementsavgift og ei forbruksavgift.

Abonnementsavgifta: Den blir fastsett i forhold til vatn- og avløpsverkets kostnader ved å administrere vass- og avløpsavgiftene.

Forbruksavgifta: Den er basert på målt vassforbruk for alle abonnementa utanom hushaldninga og på stipulert vassforbruk for hushaldninga. Vassverkseigar kan i spesielle høve krevje at forbruksavgifta blir betalt etter målt forbruk. Abonnementen kan og krevje å få forbruksavgifta basert på målt forbruk.



## SURNADAL KOMMUNE

- Avløpsmengda: Settast som hovudregel lik vassforbruket.
- Stipulerte vassforbruk: Blir fastsett i forhold til eigedommens golvareal. Det stipulerte vassforbruket er berekna på grunnlag av ein golvfaktor, som er fastsett av vassverkseigar basert på totalt stipulert hushaldningsforbruk og det totale golvarealet for bustadar.
- Unntak frå golvareal: Ved større bygg der berre ein mindre del av bygget blir brukt, kan vassverkseigars representant bruke eit lågare berekningsareal. Vassverkseiger kan krevje å få forbruksavgifta berekna basert på målt forbruk.

«Gebyrregulativ for vatn og avløp» angir til ein kvar tid gjeldande satsar.

### 9. Årsavgiftene

Årsavgiftene blir betalt for alle bygde eigedommar tilknytt vass- og avløpsnettet. Avgiftssatsane blir fastsett av kommunestyret og er gjeldande frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer.

Abonnements- og forbruksavgiftene blir belasta første gong ved tilkoplinga og fastsett lik dato som faktura for tilkoplingsavgifta.

### 10. Frådrag i årsavgifter

Bustader som er matrikkelført som fritidsbustad betaler halv avgift for vatn og/eller avløp (forbruksavgift).

Bustader som er lite eller ikkje i bruk, men som i matrikkelen er oppført som bustad, blir belasta full avgift.

### 11. Avstenging/ opning av vassleidningar

Ved avstenging eller opning av vassleidningar blir abonnenten belasta etter avgiftssatsane fastsett av kommunestyret. Dette blir fakturert for kvar gong.

### 12. Vassmålar

Vassverkseigar eig vassmålaren for næring, bustad, hytte og fritidseigedom. Abonnenten betaler alle kostnadene ved installering og vedlikehald av målaren. Arbeidet skal utførast av ein godkjent røyrleggjar i samsvar med gjeldande reglementet. Målaren er vassverkseigar sin eigedom og målaren er innkjøpt av vassverket. Vassverkseigar bestemmer type, plassering



## SURNADAL KOMMUNE

og størrelse på målaren, tilpassa forbruket. Arbeidet skal dokumenterast utført ved bruk av skjemaet «Melding om montering av vassmålar».

- 12.1 Abonnenten må sjølv koste installasjon av vassmålaren i konsoll og eventuell flytting av målaren. Installasjon av målar skal utførast av ein godkjent røyrleggjar, i samsvar med gjeldande reglement. Etter montasje skal vassmålaren plomberast av kommunen eller av godkjent rørleggjar som er engasjert av vassverkseigaren.
- 12.2 Abonnenten betaler eit årlig gebyr for leige av vassmålar som inkluderer avskaffing, kontroll, vedlikehald, utskifting og administrasjon. Gebyret blir fastsett av kommunen og framvist av gebyrregulativet.
- 12.3 Avlesing av vassmålaren skal gjerast ein gong kvart år. Abonnenten avles målaren og melder inn avlesinga innan fastsett frist.
- 12.4 Vassverkseigar kan sjølv krevje å utføre avlesinga der plasseringa av vassmålaren medfører vesentleg ulempe eller fare for abonnenten. Avlesinga vil da ikkje medføre ekstra kostnader for abonnenten.
- 12.5 Dersom avlesing av vassmålaren ikkje blir utført til bestemt tid, eller dersom data ikkje blir meldt inn til vassverkseigar, vil årsforbruket bli stipulert. Vassverkseigar kan eventuelt sjølv velje å foreta avlesing av forbruket for abonnenten si rekning (avlesingsgebyr). Avlesingsgebyret blir fastsett av vassverkseiger og framvist av gebyrregulativet.
- 12.6 Vassverkseigar skal ha tilkomst til vassmålaren for inspeksjon og kontrollavlesing til varsla dato og tid. Vassmålaren må plasserast slik at han er lett tilgjengeleg, både for avlesing og revisjon/utskifting.
- 12.7 Vassverkseigar kan til ei kvar tid, eventuelt etter skriftleg søknad frå leigar, utføre kontroll av vassmålarar som er i bruk. Dersom kontrollen viser ei feilavlesing på meir enn 5%, vil årsgebyret for føregåande år bli justert og eventuell utskifting av målaren skjer utan kostnad for leigar.
- 12.8 Dersom det ikkje er muleg å brekne feilmålte mengder nøyaktig, utan at dette medfører store kostnader, vil gebyret for den perioden det er tvil om bli justert etter gjennomsnittet av nærmeste avlesingsperiode før feilen vart påvist og/eller etter at den er reparert.
- 12.9 Kvar eigedom skal normalt berre ha ei tilknyting. I dei tilfelle ein eigedom har fleire tilkoplingspunkt skal det installerast ein vassmåler for kvart tilkoplingspunkt. Eventuelle interne målarar er vassverkseigar uvedkommande.
- 12.10 Når vassmålaren er montert kan den ikkje bli fjerna utan samtykke frå vassverkseigar. Der vassmålaren ikkje kan plasserast frostsikkert, skal gebyret baserast på stipulert forbruk.



## SURNADAL KOMMUNE

- 12.11 Der ein vassmåler som er i bruk blir borte eller skadd, skal abonnenten straks melde dette til vassverkseigar. Vassverkseigar har rett til å krevje full erstatning for tap eller skade.
- 12.12 Plomberte vassmålarar kan berre opnast av vassverkseigar sitt personell eller under oppsyn av vassverkseigar sitt personell. Dersom en plombe er broten blir vassforbruket for vedkommande termin fastsett til fire gonger stipulert forbruk.
- 12.13 For installasjon og bruk av vassmålarar gjeld elles kommunen sine tekniske bestemmelser.

### **13. Obligatorisk vassmålar for alle næringseigendomar og offentlege verksemder**

Innan fem år (2025) skal alle næringseigendomar og offentlege verksemder betale forbruksgebyr basert på faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m3. Forbruket vert målt med installert vassmålar. I ein overgangsperiode vil forbruket bli basert på stipulert forbruk etter m2 BRA og avgiftstrinn som tidligare.

Fritids/ hytteabonnentar betaler etter stipulert forbruk, og blir plassert i gruppe 1. For fritidshus må det søkast kvart år om å få reduksjon i avgifta.

For hyttefelt med «sommarvatn» kan det søkast om montering av ein vassmålar for heile feltet. Ein forutsett da at rekninga kan sendast til ein av abonnentane.

Andre abonnentar betaler etter satsane i gruppe 1, 2, eller 3, basert på bruksareal BRA i samsvar med NS 3940.

Gruppe 1:    BRA 0 – 125 m2       : stipulert forbruk     : 112,5 m3

Gruppe 2:    BRA 126 – 375 m2     : stipulert forbruk     : 225 m3

Gruppe 3:    f.o.m. 376 m2       : stipulert forbruk     : 450 m3

### **14. Grunnlag for berekning av avlaupsmengd**

For alle abonnentar gjeld at avlaupsmengd blir rekna lik vassmengda.



## SURNADAL KOMMUNE

### **15. Midlertidig bruk av vatn og avløp**

Eigar eller festar som midlertidig er tilkopla vassverkets vass- og avløpsanlegg, skal betale abonnementes- og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næring.

### **16. Klage**

Avgjerd om pålegg av avgift fatta av representant for vassverkseigar kan pålagast etter forvaltningslova. Klageavgjerd blir fatta av klageinstans oppretta av kommunestyret.